



Modalen kommune
Postboks 44
5732 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Modalen kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Modalen kommunestyre har i møte 10.12.2020, sak 65/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden, og resultata ligg godt over det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Kommunen har god beteningsevne, og finansierer delar av investeringane med avsette midlar/eigenfinansiering. Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, men er og klåre på utfordringane som kan ligge i at 44 prosent av inntektene i 2021 kjem frå kraftproduksjon.

Budsjett 2021

Budsjettet er i balanse med eit positivt netto driftsresultat på om lag 5 mill. kroner, som tilsvarar 5,04 prosent av driftsinntektene. Driftsresultatet vert avsett til disposisjonsfond og bundne fond.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) er i samsvar med oppdatert prognosemodell til KS etter saldert statsbudsjett og skattetal.

Sum investeringar i anleggsmidlar utgjer 42,5 mill. kroner, der 28,5 mill. kroner vert finansiert med bruk av lån og resten finansiert ved bruk av eigne fondsmidlar. Den største investeringa er nytt nærings- og tenestesenter som åleine utgjer 38,5 mill. kroner. Lånegjelda i prosent av



driftsinntektene vil etter dette auke frå om lag 32 prosent til 58 prosent, og er framleis låg samanlikna med landssnittet.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Økonomiplanen er i balanse og viser at netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter er positive for alle åra i planperioden. Resultatet går noko ned i slutten av perioden, frå 3,8 mill. kroner i 2022 til 3,1 mill. kroner i 2024. I 2024 utgjer dette 3,3 prosent av brutto inntekter, og kommunen ligg likevel godt over det tilrådde nivået. Driftsresultatet vert avsett til fond kvart år.

I planperioden vert det lagt opp til mindre investeringar kvart år på 2,4 mill. kroner i 2022 og 2023, og 2,8 mill. kroner i 2024. Alle desse investeringane vert finansierte med eigne midlar (bruk av fond). Samla investeringar i heile perioden utgjer om lag 50 mill. kroner. Avdragsutgiftene blir auka for å dekke inn låneopptak som vart gjort i 2020 og i 2021. Ved utgangen av perioden er det budsjettert med ei samla lånegjelda på om lag 54 mill. kroner.

Overføringer til tenesteeiningane viser ein moderat nedgang kvart år for dei fleste einingane. Samla er det budsjettert med eit nedtrekk på om lag 5,5 mill. kroner i reduserte utgifter ved utgangen av 2024. Dei største reduksjonane finn vi innanfor einingane pleie og omsorg og teknisk.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke handlingsreglar/finansielle måltal for heile perioden for netto driftsresultat, gjeld og disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter.

Måltala er sett ut frå (eller lik) den forventa budsjetterte utviklinga i perioden. For seinare år kan ein og setje tal for eit meir langsiktig mål om at kommunen til dømes innan 2030 skal ha eit disposisjonsfond som utgjer xx prosent, at ein har eit overordna mål om at maks lånegjeld skal vere på xx prosent, og at netto driftsresultat må vere på minimum xx prosent per år, for å ivareta den langsiktige økonomiske handleevna. Alt må sjølv sagt sjåast i samanheng med kva som er innlagt i økonomiplanen med tanke på drift, aktivitetar og tiltak. Det kan vere at dette er ein del av økonomireglementet, men det er og naturleg å ta det med her.

Statsforvaltarens vurderingar

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, og til å setje av på fond til eigenfinansiering av investeringar. Folketalet viser ei positiv utvikling siste åra, og inntekter per innbyggjar ligg godt over landssnittet. Måltala ligg godt over snittet for landet.

Det er fornuftig av kommunen å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar, med tanke på at nødvendige utbetringer i infrastruktur ofte vil få ein høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.



Budsjett- og økonomiplandokumenta er i samsvar med lov og forskrift, er oversiktlege og eit godt plan- og styringsdokument. Det er bra at det er med mål for kvart tenesteområde over tiltak og aktivitetar for det kommande året.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent